

**Sakshandsamar:**

Erik Orten

E-post: erik.orten@sfj.no

Tlf: 57 65 63 14

Vår ref.

Sak nr.: 08/4232-1

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

19808/08

Dykkar ref.**Dato**

LEIKANGER, 01.10.2008

Det Kongelige Kunnskapsdepartement
Postboks 8119 Dep

0032 OSLO

Høring: Utredning av dobbelkompetanseutdanning i odontologi

Vi viser til brev frå Kunnskapsdepartementet.

Innleiingsvis vil ein for ordens skuld gjere merksam på at når det gjeld kompetansesenteret i Vest-Noreg er organisering og etablering av eit slikt senter under utredning, denne utredninga er planlagt ferdig innan utgangen av 2008. Det er ikkje klarlagt om ei samlokalisering med universitetsklinikken ved UiB vert aktuell, ein har så langt i prosessen vore oppteken av ein meir desentralisert modell. Konklusjonen i dette arbeidet vil kunne påverke behovet for spesialistar med dobbelkompetanse.

Etter vår oppfatning er dei konklusjonar og tilrådingar som arbeidsgruppa legg fram eit godt grunnlag for gjennomføring av dobbelkompetanseutdanning i odontologi, og vi er langt på veg samde med gruppa.

Når arbeidsgruppa gjer framlegg om at utdanninga skal vere 6-årig (8 år for oral kirurgi) og ikkje 5-årig (7 år) slik departementet bad dei vurdere oppfatar vi det slik at dette er ein vel grunngjeve konklusjon.

Vi vil understreka viktigheita av at kandidatane vert tilsett i utdanningsstillingar, dette vil gje eit breiare rekrutteringsgrunnlag.

Vi er samde i at opptaket til utdanninga skjer i ein nasjonal opptakskomite. Ei mogeleg løysing er at den eksisterande nasjonale opptakskomiteen for spesialistutdanning får utvida sitt mandat til å stå for opptak også til dobbelkompetanseutdanninga.

Vi meiner det er mogeleg å legge til rette for at utdanninga og kan skje i eit desentralisert opplegg, t.d. ved regionale kompetansesentra eller spesialistklinikkar knytt til desse under føresetnad om at ein har eit godkjent fagleg opplegg og kvalifiserte rettleiarar er tilgjengelege.

Med helsing

Erik Orten
direktør for tannhelsetenesta
sign.

Mottakar

Det Kongelige Kunnskapsdepartement Postboks 8119 Dep 0032 OSLO



